



STRATEGISK PLAN 2025 – 2028



Vedteken av Representantskapet 19.09.2025. Endringer godkjende av Regionstyret og innarbeidde i planen 22.10.2025.

INNHALD

Innleiing	3
1.1. Om strategisk plan.....	3
1.2. Om Nord-Gudbrandsdal	3
1.3. Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal.....	3
1.4. Organisering	4
1.5. Forankring i strategisk plan	5
1.6. Planar i IPR Nord-Gudbrandsdal.....	5
Utviklingstrekk for region Nord-Gudbrandsdal	5
2.1. Folketalsutvikling.....	5
2.2. Befolkningsframskrivingar	5
2.3. Sysselsetjing.....	6
2.4. Ressursgrunnlag og næringsstruktur.....	7
2.5. Attraktivitet og strukturelle omstende	7
Visjon	8
Hovudmål	8
Satsingsområde	9
3.1 Utdanning og kompetanse	10
3.2 Kommunikasjon og infrastruktur.....	11
3.3 Næringsliv.....	12
3.4 Attraktivitet og livskvalitet	13

Innleiing

1.1. Om strategisk plan


Strategisk plan 2025-2028 er eit styringsdokument for satsingsområda til Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal (IPR). Planen er eit verktøy i arbeidet med å vidareutvikle regionen. Planen er bygd opp med hovudmåla for IPR Nord-Gudbrandsdal og strategiar for å nå måla fordelt på 4 satsingsområde.

Strategisk plan blir følgd opp med ein årleg handlingsplan.

1.2. Om Nord-Gudbrandsdal

Region Nord-Gudbrandsdal er ein fjellregion med vakre nasjonalparkar, rike folketradisjonar og ein sterk nasjonal posisjon innan natur- og kulturbasert reiseliv. Historisk har landbruk og andre verksemdar knytt til naturressursane, gjeve regionen ei viktig rolle. Døla-identiteten utgjer eit fellesskap som knyter folk saman og er eit godt grunnlag for å utvikle samarbeidet vidare på.

IPR Nord-Gudbrandsdal skal arbeide for å behalde og skape nye arbeidsplassar, styrkje kompetanse og kunnskap, bygge infrastruktur og skape ein attraktiv region for innbyggjarar og tilreisande. Eit grunnleggjande premiss er at regionen skal utviklast innanfor naturen sine tolegrenser og mot eit klimanøytralt samfunn. FNs berekraftsmål skal leggjast til grunn for samfunnsutviklinga.



1.3. Interkommunalt politisk råd Nord-Gudbrandsdal

IPR Nord-Gudbrandsdal er eit samarbeidsorgan mellom kommunane Dovre, Lesja, Sel, Skjåk, Vågå og Lom, samt Innlandet Fylkeskommune. Samarbeidet er formalisert gjennom «Samarbeidsavtale om Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal». Rådet er organisert etter kapittel 18 i kommunelova, og er eit eiga rettssubjekt.

Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal er det offisielle namnet på samarbeidet mellom kommunane. Tidlegare har «Regionrådet Nord-Gudbrandsdal» vore brukt som forkorting i daglegtale og dokument, men frå og med denne strategiske planen vil vi bruke namnet Interkommunalt politisk råd (IPR) Nord-Gudbrandsdal konsekvent i all omtale.

1.4. Organisering

Representantskapet

Representantskapet er det øvste organet i IPR Nord-Gudbrandsdal. Representantskapet består av tre representantar frå kvar kommune: Ordførar, varaordførar og ein representant frå mindretalet. Innlandet fylkeskommune har to representantar. Representantskapet vel regionrådsleiar og regionrådsnestsleiar.

Representantskapet

18 politikarar inkl. ordførarar
2 fylkeskommunale representantar

Regionstyret

Regionstyret består av ordførarane i dei 6 samarbeidskommunane. Varaordførarane er varamedlemar.

Regionstyret

6 ordførarar

Regionadministrasjonen

Regionadministrasjonen følger opp vedtekne saker og det daglege arbeidet i IPR Nord-Gudbrandsdal.

Dagleg leiar

1.5. Forankring i strategisk plan

Strategisk plan 2025-2028 er eit styringsdokument for satsingsområda til IPR Nord-Gudbrandsdal og eit verktøy i arbeidet med å vidareutvikle regionen.

Det bør vere ein samanheng mellom strategiplanen til IPR Nord-Gudbrandsdal og kommunane sine planar. Måloppnåing er avhengig av at den strategiske planen og dei årlege handlingsplanane blir følgd opp i tett samarbeid med kommunane. Det forutset gjennomgåande involvering og tett samarbeid mellom offentleg sektor, frivillig sektor, academia og privat sektor.

Strategisk plan og satsingsområda for IPR Nord-Gudbrandsdal 2025-2028 bygger på same utfordringsbildet som er lagt til grunn i planstrategien for Innlandet [Innlandsstrategien 2024-2028](#).

Planen er utarbeidd med grunnlag i [FNs berekraftsmål](#).

Det er særleg seks berekraftsmål som er aktuelle:



1.6. Planar i IPR Nord-Gudbrandsdal

Strategisk plan inneheld mål, satsingsområde, og strategiar for planperioden 2025-2028. Ein årleg handlingsplan konkretiserer strategien. Strategisk plan og handlingsplan utgjer grunnlaget for samarbeid mellom IPR Nord-Gudbrandsdal og kommunar/fylkeskommune.

Utviklingstrekk for region Nord-Gudbrandsdal

2.1. Folketalsutvikling

Nord-Gudbrandsdal hadde 18 068 innbyggjarar per 1. januar 2025. Folketalet er redusert med 5,1 % i siste tiårsperiode.

2.2. Befolkningsframskrivingar


Utviklinga av folketalet kan påverkast av kor stor attraktivitet regionen skapar for busetjing, besøk og næringsliv i tida framover, men påverkast og av eksterne faktorar, som internasjonale migrasjonsstraumar og økonomiske konjunkturar. Grada av sentralisering, flyttestraumar til bystrøk og fødselstal er premissgjevande.

Jamfør SSBs befolkningsframskriving vil folketalet synkje med 9,9 % (1794 innbyggjarar) fram mot 2050.

SSBs befolkningsframskrivingar for Nord-Gudbrandsdal

	2025	2050	Ant. pers	%
Skjåk	2179	1767	-412	-17,5
Lesja	2006	1707	-299	-13,9
Lom	2215	1916	-299	-13,4
Vågå	3529	3063	-466	-13,3
Sel	5623	5359	-264	-6,9
Dovre	2516	2462	-54	-1,6
Sum	18068	16274	-1794	-9,9

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå (2025). Framskriven folkemengde per kommune.



Utvikling i aldersberegning i Nord-Gudbrandsdal 2025–2035

Aldersberegninga i Nord-Gudbrandsdal er i tydeleg nedgang og illustrerer ei av dei største samfunnsutfordringane regionen står overfor. Figuren viser forholdet mellom talet på personar i yrkesaktiv alder (20–66 år) og talet på personar over 67 år. I 2025 var det 2,24 personar i arbeidsfør alder per pensjonist, medan det i 2035 er forventa berre 1,86. Denne utviklinga utfordrar berekrafta i helse- og omsorgstenestene og understrekar behovet for strategisk omstilling, auka rekruttering, kompetanseheving og effektiv bruk av teknologi.

Kjelde: Innlandsstatistikk

2.3. Sysselsetjing

Som hovudregel flyttar folk til stader med arbeidsplassvekst, og frå stader med

arbeidsplassnedgang. Nord-Gudbrandsdal er den regionen i Innlandet med størst prosentvis reduksjon i antal arbeidsplassar i perioda 2017-2024, med ein nedgang på 3,4%.

Prognose for befolkningsutviklinga i Nord-Gudbrandsdal syner at vi får ein lågare andel i yrkesaktiv alder (15-74 år), og fleire eldre.

Ein anna grunn til at utviklinga i antal arbeidsplassar i Nord-Gudbrandsdal er på veg ned, er at store delar av næringslivet er i bransjar som har hatt nedgang i Norge, som landbruk og industri. Færre innbyggjarar gjev mindre etterspørsel for det private næringsliv, som igjen gjev færre arbeidsplassar.

2.4. Ressursgrunnlag og næringsstruktur

Nord-Gudbrandsdal har eit variert næringsliv med sterke røter i naturen. Regionen er ein stor kraftprodusent og har rike naturressursar innan landbruk, skog og utmark. Det er stort potensial for å produsere meir mat og vidareforedle eigne ressursar – mellom anna innan landbruk, energi og trebasert industri. Landbruket står sterkt, både i arealomfang og fagmiljø, og regionen har fleire industriklynger som tek i bruk lokale ressursar i verdiskapinga.

Regionen er ein samla bu- og arbeidsmarknadsregion med betydeleg arbeidsutveksling mellom kommunane. Mange pendlar på tvers av kommunegrensene, noko som understrekar behovet for god infrastruktur og felles strategisk planlegging. Nord-Gudbrandsdal har mykje å by på når det gjeld ressursgrunnlag, og dette speglar seg i næringslivet. LMS (Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter) er eit døme på ein viktig regional arbeidsplass med høg kompetanse, og er ein del av det samla fagmiljøet som bidreg til utvikling og kvalitet i tenestene.

2.5. Attraktivitet og strukturelle omstende

Attraktivitet i Nord-Gudbrandsdal kan fremjast gjennom eit sterkt fokus på desentralisering og berekraftig utvikling. Strukturelle omstende som nødvendig infrastruktur, tilgjenge på arbeidskraft, og utvikling av lokalt næringsliv er avgjerande for å realisere strategimåla. Det er og viktig å fremje samarbeid mellom offentleg og privat sektor for å skapa attraktive arbeidsplassar og høve til entreprenørskap.

Attraktivitet handlar òg om å kunne halde fram med å utvikle og leggje til rette for god tilgjenge til sterke fagmiljø og gode tenester. Det vil kunne bidra til å skape tryggleik og føreseielegheit for innbyggjarane, og folk kan få kortare reiseveg til viktige funksjonar. Det vil gjere det lettare å bu og arbeide i distriktet vårt. Ei aktiv satsing på kommunesenter, regionsenter og tettstadsutvikling er ein viktig føresetnad for å trekkje til seg fleire tilflyttarar.

Visjon

Nord-Gudbrandsdal – der arbeidsglede og handlekraft formar kvardagen

Hovudmål

- 1) Satse på kompetanse og utdanning**
- 2) Tilretteleggje for næringsliv og arbeidsplassar**
- 3) Fremje bulyst, trivsel og inkludering i heile regionen**

IPR Nord-Gudbrandsdal skal vere ein pådrivar for ei berekraftig og livskraftig utvikling i heile regionen. Vi skal satse på kompetanse og utdanning som grunnlag for vekst og velferd, og styrkje samarbeid mellom kommunar, næringsliv og utdanningsinstitusjonar. Det skal leggjast til rette for utvikling av næringsliv og fleire arbeidsplassar, med gode vilkår for etablering og verdiskaping i alle delar av regionen. Samstundes vil vi fremje bulyst, trivsel og inkludering gjennom aktive lokalsamfunn, gode møteplassar og tiltak som byggjer fellesskap. Eit attraktivt og inkluderande Nord-Gudbrandsdal skal vere ein god stad å bu, arbeide og leve – for både noverande og framtidige innbyggjarar.

Satsingsområde

IPR Nord-Gudbrandsdal skal bidra til arbeidsplassvekst, og å styrke Nord-Gudbrandsdal som ein attraktiv bu- og arbeidsregion. IPR Nord-Gudbrandsdal har fire satsingsområde:

Utdanning og kompetanse	Kommunikasjon og infrastruktur	Næringsliv	Attraktivitet og livskvalitet
Leggje til rette for relevant utdanning, styrka fagopplæring og lokal rekruttering til framtidens arbeidsliv.	Bidra til betre vegstandard, kollektivløysingar og digital infrastruktur for eit meir tilgjengeleg og trygt Nord-Gudbrandsdal.	Styrke rammevilkår og samarbeid for etablering, innovasjon og verdiskaping i heile regionen.	Fremje bulyst og trivsel gjennom inkluderande lokalsamfunn, møteplassar og tilflyttartiltak.

3.1 Utdanning og kompetanse

Kompetanse er ein nøkkelfaktor for å sikre framtidig verdiskaping og velferd i Nord-Gudbrandsdal. IPR Nord-Gudbrandsdal vil bidra til at fleire får høve til å ta utdanning i eller nær eigen heimkommune, og at regionen har eit arbeidsliv som både tiltrekkar og utviklar kompetanse. Samarbeid mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og kommunesektor er avgjerande for å styrke samspelet mellom tilbod og behov.

IPR Nord-Gudbrandsdal vil i planperioden:

- **Bidra til at alle kommunane tilbyr relevante læreplassar.**

Bruke lærlingeordninga som eit strategisk verkemiddel for rekruttering og kompetanseutvikling i regionen.

- **Auke attraktiviteten for kompetansesarbeidarar og tilflyttarar.**

Gjennom synleggjering av regionale tilbod og målretta omdømmearbeid. Det må utviklast strategiar for å rekruttere arbeidskraft utanfrå, samt tiltak for å sikre at kompetansen blir verande i regionen.

- **Styrke samarbeidet om kompetanseutvikling og vidareutdanning.**

Etablere ein kompetanse- og innovasjonshub som skal vere ein møteplass for samskaping, kunnskapsdeling og kompetansebygging på tvers av sektorar og forvaltningsnivå.

Huben skal styrkje samarbeidet om kompetanseutvikling og vidareutdanning, og bidra til å samle utdanning, praksisarenaer og utviklingsarbeid i regionen. I tett samarbeid med Innlandet fylkeskommune, karrieresenteret, universitet, høgskular og næringslivet skal det utviklast fleksible og modulbaserte utdanningsløp som møter dei regionale kompetansebehova – både i offentleg og privat sektor.

- **Støtte digital transformasjon og styrke digital kompetanse.**

Digitalisering er eit viktig verkemiddel for å møte framtidige behov og utvikle berekraftige tenester i regionen. Regionrådet vil leggje til rette for samarbeid, pilotprosjekt og bruk av ny teknologi – med særleg vekt på inkluderande tilgang til digitale tenester.

3.2 Kommunikasjon og infrastruktur

God kommunikasjon og infrastruktur er avgjerande for verdiskaping, tryggleik og attraktivitet i Nord-Gudbrandsdal. Regionen har utfordringar knytt til store avstandar, krevjande topografi og avgrensa transporttilbod. For å bu og arbeide i regionen må både fysisk og digital infrastruktur vere trygg, føreseieleg og tilgjengeleg.

IPR Nord-Gudbrandsdal vil i planperioden:

- **Arbeide for betre vegstandard og auka trafikksikkerheit** på hovudårer og lokalveggar. Særleg viktig er E6, Rv15, E136 og dei store fylkesvegane (FV29, FV51 og FV55), som bind regionen saman og sikrar framkomst for både folk og gods.
- **Styrke kollektivtransport og jernbanetilbod i regionen**, gjennom samordna og tilgjengelege transportløyningar som møter behova i distrikta, med vekt på grøn mobilitet, berekraftige reisemønster, fleire togstopp, betre rutetilbod og auka bruk av jernbane til både gods- og persontransport.
- **Utgreie og støtte opp om etablering av fleire ladestasjonar og grønne transporttiltak**, til dømes for elbilar, elsyklar, el-bussar og framtidige teknologiar som dronar og elektriske fly, samt legge til rette for infrastruktur for hydrogen og etablering av fyllestasjonar.
- **Sikre god digital infrastruktur og mobildekning i heile regionen**, slik at både innbyggjarar og verksemdar har tilgang til stabile og framtidsretta digitale tenester.
- **Styrke arbeidet med sivil beredskap og samfunnstryggleik**, inkludert støtte til felles risikovurderingar og kompetanseutvikling innan beredskap og krisehandtering.
- **Vurdere felles løysingar for drift og vedlikehald** av kommunal infrastruktur, til dømes vatn, avløp og veg, for å oppnå stordriftsfordelar og betre ressursbruk.

3.3 Næringsliv

Nord-Gudbrandsdal har eit variert næringsliv med store verdier knytt til natur, kultur og lokale ressursar. For å sikre utvikling og vekst i næringslivet treng regionen målretta innsats for å betre rammevilkår, styrke entreprenørskap og løfte fram fordelane med å etablere seg i distriktet.

IPR Nord-Gudbrandsdal vil i planperioden:

- **Tilretteleggje for etablering og utvikling av næringsliv i heile regionen.**

Gjennom arealtilgang, føreseielege rammevilkår og felles oversikt over næringsareal, straum og andre ressursar.

- **Utvikle ein tydeleg regional profil som gjer Nord-Gudbrandsdal attraktiv for næringsetablering og kompetansesarbeidarar.**

Synleggjere fordelane ved å etablere seg her: lågare arbeidsgjevaravgift, god energitilgang, sterk naturprofil og regionale nettverk.

- **Samarbeide om arrangement og verdiskaping som gir meir aktivitet og lengre opphald i regionen.**

Stimulere til lokal næringsvekst og auka tal besøkande gjennom fellestiltak i alle kommunar.

- **Støtte innovasjon, utvikling og nyskaping i etablerte og nye verksemdar.**

Dette inkluderer koordinering og mogleg etablering av ein regional kompetanse- og innovasjonshub.

- **Støtte opp om internship- og traineeordningar for å tiltrekkje og behalde unge og kompetente arbeidstakarar.**

Særleg innan offentleg sektor, teknologinæringar og reiseliv.

3.4 Attraktivitet og livskvalitet

Attraktive lokalsamfunn er ein føresetnad for tilflytting, trivsel og livsglede. Nord-Gudbrandsdal skal vere ein inkluderande region der menneske opplever tilhørsel, sosial deltaking og gode levekår. Attraktivitet handlar også om å ta vare på det unike ved regionen og utvikle identitet og stoltheit.

IPR Nord-Gudbrandsdal vil i planperioden:

- **Skape inkluderande møteplassar og aktivitetstilbod for alle aldersgrupper**, med fokus på frivilligheit, idrett, kultur og lågterskeltilbod som styrkjer sosial deltaking.
- **Fremje ein kultur for openheit, rausheit og samarbeid**, der alle kjenner seg velkomne, og nye innbyggjarar raskt vert inkluderte i lokalsamfunna.
- **Bidra til gode bustadtilbod og attraktive tettstader**, med variert bustadstruktur, god infrastruktur og tilgang til tenester som gir høg livskvalitet.
- **Profilere regionen som ein god stad å bu og arbeide**, med målretta rekrutteringsarbeid, omdømmebygging og synleggjering av livsstilsfordelane ved å bu i Nord-Gudbrandsdal.
- **Styrke arbeidet for psykisk helse og sosial deltaking**, med tiltak som fremjar fellesskap, reduserer utanforskap og skaper meistringskjensle for unge og eldre.
- **Involvere deltidsinnbyggjarar og fritidsbustadeigarar**, slik at dei får sterkare tilknytning til regionen og bidreg til lokal aktivitet, handel og samfunnsutvikling.

